



Leif Hvidsten
Solendvegen 311
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10263 - 20/35645

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
12.06.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 446/35 Manger øvre

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 446/35
Tiltakshavar: Leif Hvidsten og Ranveig Hvidsten

Alver kommune har den 27.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 26.05.2020 vart registrert lågt nivå i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Solendvegen 311, 5936 Manger. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå den, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 10.08.2020

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Leif Hvidsten	Solendvegen 311	5936	MANGER
Ranveig Hvidsten	Solendvegen 311	5936	MANGER